

Arkiv: <arkivID><jplD> FE-033
JournalpostID:
Saksbehandlar:
Dato: 01.10.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
048/20	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	12.10.2020

Meldingar og orienteringar til RMNF - 12.10.2020

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldingar og orienteringar vert teke til orientering.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 12.10.2020:

Behandling:

Orientering under punkt 1 og 2 vart gjevne i fellesfora med Eldrerådet

Punkt 1. Budsjett og økonomiplan 2021 v/Janne Sund-kommunalsjef for økonomi

a. Når møteplanen for 2021 skal fastsetjast, må det leggjast opp til ein budsjettprosess som gjer at RMNF får meir reelt høve til å påverka utfallet, enn rådet opplever at tilfellet har vore dette året.

b. På neste møte, 9. november, ønskjer rådet å få økonomiplanen opp som eiga sak, og at saksmengda vert tilpassa til at rådet har tid til å gå grundig inn i denne saka.

Punkt 2. Status Korona v/Leni Dale-kommunalsjef Helse og omsorg

Punkt 3. Prosjekt «Kvassnesstemma – møteplass i Knarvik» - val av ein representant frå RMNF i styringsgruppa.

Fellesframlegg:

Representant Svein Arne Vabø med varamedlem Magne Bjørndal.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Punkt 4.

a. I e-post datert 30.9.20 reiser Evy Knutsen, på vegner av NFU, problemstillingar knytt til avlastingstilbod til familiar med tyngjande omsorgsoppgåver. Rådet bed administrasjonen førebu denne saka, og leggja til rette for at den kjem opp på rådet sitt møte 9. november.

b. Det har kome innspel om at måten støttekontaktar vert godtgjort på, gjer at dei får mindre utbetalt i 2020, enn dei har fått tidlegare.

Rådet bed administrasjonen klargjera for dei det gjeld kva som er endra.

Vidare bed ein om å få tilbodet om støttekontakt opp som sak tidleg i 2021.

RMNF- 048/20 Vedtak:

Meldingar og orienteringar vert teke til orientering.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Saksopplysningar:

1. Budsjett og økonomiplan 2021 v/Janne Sund-økonomisjef
2. Status Korona v/Leni Dale-kommunalsjef
3. Prosjekt «Kvassnesstemma – møteplass i Knarvik» - val av ein representant frå RMNF i styringsgruppa v/Trude Langedal -rådgjevar Plan og analyse

Orientering nr 1 og 2 vert gjort i felles fora med eldrerådet/RMNF.